

Soga um folket i Kommedal



Bertel Tobias Kommedal (1867 – 1924) skrev ned mye om garden han vokste opp på. I denne artikkelen går han tilbake til før Svartedauden og følger slektene fram til slutten av 1800-tallet.

Artikkelen er skrevet ned etter et dårlig håndskrevet manus, og en del mindre feil/skrivefeil forekommer. Teksten er reinskrevet på oppdrag fra Harald Kommedal. Opprinnelig språkføring og rettskriving er i hovedsak beholdt. I tillegg til omtale av de første som kom til Kommedal, finner vi også tydelige karakteristikker av enkeltpersoner og innblikk i livsvilkårene for 2-300 år siden i Frafjord.

2021

Per Terje Haaland

SOGA UM FOLKET I K(V)OMMEDAL

Etter et manuskript skrevet av Bertil T. Kommedal

Den ætt og dei folk som livde og budde i K(v)ommedal frå gamall tid, og ned til 1350, hev me ingen opplysning um. I riksarkivet ser det innje ut til å vera skrive noko fra den tid, og i dei heimslige segn minnes ikkje noko mamni. Det er her berre vorte fortalt at garden då var bygd på Breidvollen, at det var sju rjukande ljorer, eller skorsteiner, på garden.

Det skulle då seia det same som at so mange mann eller huslydar budde på garden då. So kom sotti (Svartedauen) i 1350. Då døydde dei alle ut så nær som ein mann, han søkte seg med til Frafjord etter folk, fann der ei einsleg kvinne som var åleine yverlevande. Dei vart sidan mann og kone.

Det ser ut som dei vart verande i Frafjord, K(v)ommedal vart folketom. Kor lenge varde denne folkelause tid? Me kan tenkja på ei tid av 30 år, dei som etter sotti var fødde og vorte vaksne. Men det kan også ha gjenge 50 år og meir.

Etter arkivi finner me den fyrste oppsidjaren i K(v)ommedal kring (kr.)1500, men det tykkjes inkje vera tvil um at det har vore folk lenge fyrr. Det er ei tydelig og klår segn i K(v)ommedal um den fyrste mann som kom og busette seg etter sotti.

Knut

Han heitte Knut, segjes det, og han kom frå Brattebø i Ørsdalen. Då han kom var det att to mann i Frafjord. Dalen der uppe var mykje overgrodd med skog både heima og uppetter bakkane og fjelli. Han såg seg nøyd til å brenne av en heil skog, truleg næraste kring bøen. Han tok til med å byggja nye hus. Det var eit tungt og trostesamt arbeid den tid. Timmeret hogde han i "Lundanne" ved Fonnastølsvatnet på Stølsfjellet. Der var gamall foreskog og svert timber so ein må rettelig undras korleis dei hadde kraft til å få dei fram i slikt ulende. Dette arbeidet vart gjort ein vetten då vatne var tilfrosne og snøen låg slett yver fjellet. Ned Nordalen var det umogelig å koma.

Dei drog difor timmeret inn Mjådalen um Hålandsstølen (no er), og kom ned Eikeskogbakkane. Derifrå kunde det sjølv sagt tas på hestadråg yver åsen og ned til garden. Det må ha vore eit overhendig slitsamt arbeid dette, mange sterke mann må det ha vore som kunde greia det. Hestane kunne dei rimeligvis inkje gjera bruk av, fyr dei var komme til Eikeskogbakkane, og slike åtte dei vel knapt. Timberet måtte vera 8-9 alen langt, og det var på jamt 12-15 tummar tjukt. Timberet kløyvde dei etter meden, og øksa på båe sidene, dei hadde vistelig ikkje høvel til det på dei fyrste husi.

Dei fyrste hus han bygde var vel røykstova og eldhus (dagligstova og kjøkken), og det var rimeligvis dei som vart nedrivne 1787 og stod på same tuft som dei nye, som same året vart uppbygde der av Torgeir Torsteinson. Bygningsfolki gjekk til Frafjord kvar kveld for å liggja.

Forutan desse to rom måtte han vel også byggja låa og flor(fjøs). I segni er ingenting nemt um det, men den stor låa som stod bakom husi heit til 1860 kan ikkje vera bygd so tidlig. Dertil var ho alt for stor og moderende. Det rimeligaste er at han hev bygd ei skarve låda i same låmi som de andre husi og i øvre enden av dei. Det hev vel vore kleine hus av stokaverk og lavegger, jordgolv over alt og grindar og gardar for krøturi.

Anders, fødd kr. 1480

I "Norske regnskaper og jordbøker, skatte og sjefallsmantal over Dalane, Jæderen og Ryfylke for året 1519" ser med at det i K(v)ommedal då budde ein mann heite Anders. Han hev betalt i skatt 5 marc og 1 tønne lax, item 3 lod sølv, item 1 pund brunn soluit. Anders hev kanskje vore toleg ung då, etter då neste mann kjem mange år etter.

Tjerand, fødd kr. 1520

Etter dei same jordbøkene og manntal, heiter teikning nermare opplysning um husi skal byggjas til den mann som kom etter Anders-Tjerand. Men om han er soen til Anders veit me inkje, men han kan være i slekt. Han nemnes som uppsittar i 1563. Eg har tenkt meg at han kan vera fødd kring 1520. Det er lite truligt at denne mannen hev gjort større umbrigde på garden med umsyn til husbygnad og liknande.

Thore, fødte kring 1550

Etter Tjerand kjem Thore og han kan vera sonen hans. Han nemnes som uppsitjar fra 1600 til 1610. Denne mannen må rimelig vera døydd nokså ung, men gift må han ha vore, med då at den neste heiter Torstein, og han kan vera son hans Thore. Tenkjast kan det og at Torstein er bror av Thore og hev fingje garden etter at Thore døydde ugift.

Torstein, fødd kr. 1580

Torstein nemnes som uppsitjar 1610 og 1641. Han lyt vera anten son av Thore elder bror hans. Det rimeligaste er at han er son av Thore då det ellers vert langt sprang millom desse og den neste som er fødd 1619. Det er eit spursmål um inkje samme Torstein hev vore den store byggmeister både for den store låa og den staselige bua på garden. Det synes inkje vera rimelegt at dei fyrre menn som livde i 1500 talet hadde bruk for so stor låda og so kostesam bu. Heller inkje neste mann som skiftet garden i to millom sine sønner. Torstein må det truleg vera som hev gjort dette storverk millom 1615-20. Desse hus er utførlig umskrivne ein anna stad. Torstein må vera død i 1641 for enkja etter han er skriven som eigar av garden frå 1642-1644.

Olav Totsteinson 1619 kr.1700

Olav er fødd 1619 og nemnes som uppsitjar frå 1645 til 1644. Han er den siste mann som eig bruket alene. Folketeljinga av 1644 syner at K(v)ommedal var ein "havgård"???? og hadde ein uppsitjar Olav Torsteinson.

Eter eit skatte pålegg på krøtur i 1657 vart det uppteke tal på krøtur, og det var i K(v)ommedal soleids: 1 hest, 5 kyr, 3 kviger, 24 sauer og ingen geiter.

Når Olav Torsteinson døydde veit med inkje, men han kan vel livd burtimot 1700. Han hadde ein son Tolleiv, og det er mykje rimelig at han hadde døttrar og at dei hev vore eldre enn sønnen. Det synes seg at han hev skift garden millom Tolleiv og ein som heite Knut Åsmunnson. Denne Knut er rimeligvis vorte gift med ei av døtrene og dei har kanskje vore eldre enn Tolleiv. Visst er at Knut vart verande på den gamle garden, medan Tolleiv måtte byggja. Den store låa hadde dei saman, kvar sin helvt, men Tolleiv måtte byggja nytt fjøs til seg og setja inn ny låve i sin ende av låa. Også jordvegen og skogen var ulikt skift. Det mesta og besta fekk Knut til sin part. Kvifor det vart gjort so er inkje godt å skyna. Det kan vera at Olav vilde ha hand i hanken med, på den part han satt att saman med svigersonen, elder at Knut skulde ha uppsetobyrdi, elden at han lika dei so godt at han unnad dei noko betre. Det kunne gjerne vera noko av kvart soleids. Tolleiv er fødd kr. 1672. Han må som ungdom ha vore heima i farshuset fleire år etter at Knut vart gift med systeri.

Han skiftes garden i tvo, og vert på den eine sida Knut Åsmunnson og den andre Tolleiv Olavson.

Knut Åsmunnson 1650 kr. 1720.

Med Knut Åsmunnson kjem ein ny og framand mann på denne parten, og vert stamfader. Kor han er i frå veit med inkje, men det kunde liggja mer å tru at han kan vera bror av Aslak Åsmunnson Eikeskog og Håvard Åsmunnson på Molaug. Båe desse ser ut å vera nye namn på dei gardane. Dei hev vist inkje hatt noko vidare fasta hold, etter nokre år kjem dei nemnd. Knut Åsmunnson nemnes som uppsitjar i K(v)ommedal i 1711 samand med Tolleiv Olavson på den andre parten, men det er rimelig at dei hev hatt garden tidligere, frå 1680 og 1700. Det ser ut som Knut er avliden kr. 1720, med då at son hans då vert uppsett som uppsitjar på garden.

Åsmunn Knutson fødd kr. 1685.

Matrikuleringsboki av 1723 fortel oss at garden K(v)ommedal er benifisera Christiansands bispestol og brukes av Tolleiv og Åsmund. Ministerialbøkene (prestalbøkene) som i 1702 tok til å førast, syner at Åsmund i 1722 hev hatt en son til dåpen, og i 1724 atter en son. No veit med etter folketellinga at han var med i 11 års krigen, 1709-1720, og at han var gift før han reiste ut. Etter desse data må han vera fødd kr. 1685. Kona hans er gløymd i folketellinga, men eg trur at ho heitte Anna.

Dette grunnar eg på ein notis Ministerialbøkene um faddare til OlavMåen sitt barn Torstein. Millom faddarene memnes Anna og Åsmund Kommedal saman i 1749. Etter segni var Åsmund ute i 11 års krigen. Då han hadde vore ute i 5 år kom han heim på ei kort vitjing, då skøyte han garden på eldste sonen sin, segjes det. Etter kyrkjebøkene kan me inkje finna ut om ha hev hatt noko barn før krigen. Gift må han då likevel he vore, ettersom segni lyder. Han kunne ha skøytt garden på seg sjølv, at det inkje det hadde vore gjort før? Tenkjas kan det være at han hev hatt born før, men at det inkje er vorte innført i kyrkjebøkene. Dei var ikkje så nugga på det då med det fysta, korkje folket eller prestane. Sikkert er det at **Torstein**, den eldste sonen, seinare fekk garden(Kommedal) etter faren, og han er fødd 1722. Den andre soen heitte Knut, fødd 1724. Han memnes inkje meir. So det er ein Åsmund som hev hatt eit born Helga til dåpen 1751. Han kan ogso vera Aamund sin son. Han må ha vore i Kommedal på den tid, han var isofall ganske ung mann. Det er forviteligt å høyra kven som var faddare til dette barn: Kari, Olav og Bjørn Kommedal, Kari Høle og flere stend det. Denne Bjørn Kommedal kjenner me inkje. Det syner seg at ogso han same året, 1751, hev hatt eit barn Olav til dåpen. Faddare til dette barnet var Hallvard Tolleivson Mårn, Vermund Eikeskog, Olav og Kari Kommedal og Lisebet Frafjord. Tenkjas kan det ogso han kan vera son av Åsmund Knutson, men han kan ogso ha vore ein tjenestedreng i Kommedal, fingje barn ei dotter av Olav og Kari Kommedal, elder vorte gift soleids.

Det er rettnok ei segn i Kommedal, og vist ikkje mykje gamal helder, at det budde ein mann ei tid på Gudlerhaugen og at han heite Bjørn. Um han hadde hus veit eg ikkje, men han dyrka korn seigjes det. Kornet bar han inn i urdi og la det under ein heller. Det var føda hans. Me ser vidare at denne Bjørn Kommedal hev vore faddar eingong på Måen hjå ein Peder 1764. Peder er ogso ein kjend mann der etter dei opplysningar me kan finna. Det er mykje truleg at Bjørn Kommedal er han, som i segni er fortalt, budde ei tid på Gudlerhaugen, anten han no er son på garden elder vorte gift med ei gjenta der. I 1736 er der ein mann heite Olav Thonmannson og kona heitte Magli Thorsdotter. Dei måtte det året stå til skrift for presten. Kva for veit me inkje. Det kan ha vore eit born som er døydt av vannstell o.l. Dei fekk absolvasjon stend det. Dette ektepar kan vist ikkje høyra til folki i Kommedal, dertil er namni altfor ulike. Det må vera nokon som hev budt "i husi" ei tid, og mannen hev hat arbeid der, elden fare med eikvar handelen. Det er ellers forviteligt å merkja seg at i Kommedal var det ein nokså stor åker som heite Maglåkeren. Han låg jamsides Bjørneåkeren, på kvar si sida av veggen.

Åsmund var ute i krigen i 10 år forteles det. Heime visste dei ingenting um han, anten han livde eller ei. Det var ingen aviser då, og inkje kunne dei stort skriva heller. Då 5 år var gjenge kom det ein kveld ein framand kar til garden, bad om hus for natti, og det fekk han. Kona stelte til mat og gjekk ut og inn, men alt innimellom laut ho sjå denne framande, det var så mykje som minte hennar om Åsmund. Då ho bad han tilbords og han gjekk og sette seg, såg ho enda nærare på han, og så sa ho: Det er vel ikkje deg Åsmund? Då kunde han innja dylja det lenger. Me kan tenkja det vart gleda, og ei rørnade attersyn etter så mange års uvissa. Men dei hadde innje lov å vera lenge heima.

Han nytta derfor høve og skøyte garden på sonen sin, segjes det. Men um han innje hadde nokon son då, som før nemnt, so lyt det ha vore på kona, eller ein annan, i tilfelle han innje kom att. So reiste han og var ute i 5 år til.

Så slutta krigen og han kom heim uskadd. Kor gamle Åsmund og kona hans vart, eller når dei døyde, veit me innje enno. Knut og Åsmund av deira born ser me innje noko meir til og hedler innje Helga.

Torstein Åsmunnson fødde 1722, døydde 1797

Hadde gard i Kommedal

Torstein Åsmunnson vart 1746 gift med Margit Totsteinsdotter, fødd 1729. Deira born var: Åsa fødd 1747, Åsmunn fødd 1749, **Torgeir fødd 1751**, Margit 1756, Åsmunn fødd 1759. Tvilligane Torstein og Margit 1764. Or Strand-Høle kyrkjebøkene ser me at Totstein og hans huslyd er fødde på dei nemnde årstal. Kor Margit Torsteindotter er i frå stend det ikkje. Våre sist levande gamle kunde helden innje hugsar det, men dei trudde ho måtte vera frå Espedalen. So mykje kan dei då minnst etter det Gudråd Torgersdotter fortalte 1850 og då inring, at Margit var ei nydelig og dugande kone, heldt varmt på gamle og nedende, og på det religiøse. Frå forfedrene var det i huset oppbevart to store avlatsbrev og dei tok ho vel vare på. Dei var skrivne med store bokstaver, både raude og svarte. Frå gamall tid var det forbode å gjøyma på slike brev, men dei hadde då gjort det likevel, og det vilde ho gjerne gjera. Ho trudde ikkje på avlat, men ho vilde gøymna dei til eit minne sa ho. Desse breva var i huset heilt til midten av 1800 talet. Då er dei vorte øydelagte, truleg for det då i den tid var sterke religiøse rørsler i dalen. Det er immje tvil um at det er frå henne ho Gudråd Totsteinsdotter (i andre etterledet etter) hadde dette forvitnedelege ????? som ho hadde lært. Det lyder so:

*I dag er det fredagjen
å Gud nåde okno
og i måro er laurdagjen
me hev kje fasta som me må.
Så kjem Gud vår ara med gullkoppene sine
So kjem Maria med den signede sonen sin
nagla gjennom hand,
nagla gjennom fot,
nagla gjennom hjarterot.*

"Gud vår ara" var lenge uskyneleg for meg. Eg er seinare vorte vis med at ara er det latinske ord for altar. Det lyt vera sakramentet som her er tenkt på.

Frå 1724 til 1801 vert innje namni på uppsitjarene nemde i arkivi på benifiserte eigedomar. Me veit difyr innje når han tok til med garden, men det var vel omkring 1746 då han gifte

seg. Torsstein døydde 1797 og vart og vart soleis 75 år gammal. Margit livde lenge etter, me hev innje set elder høyrte hennar daudsår.

Tolleiv Olavson Kommedal, fødd 1829, fortalde denne saga frå Torstein si tid:

I den tid var det svert med fantar som rek land og strand inring. Det var to slag fantar: Fanara og posafantar. Dei fyrste var etta frå Italia og dei andre frå våre nodiske land. Desse slog ofta i lag, og det kunde kome flokkar på upptil 20 mann til gards rett som det var. Dei hadde båtar sjølv som dei reiste på. Og so var det so mykje trollskap med dei. Torstein hadde ei tjenestegjenta som ein fant hadde so mykje hug til, men gjenta vilde innje veta noko av han. So kom han ein gong inn på låven i løda. Dei heldt nettupp på å la korn.

Gjenta var uppi staen, so han kunne innje kom derup, men Torstein la merke til at han sputta i treskoni hennar. Dei stod ned på låven. So gjekk han ut og yver fjellet til Mjåland. Då gjenta kom ned av staen og vilde fara i skonå varskudde Torstein at ho innje måtte og sa kva han hadde sett. Med det som kom inn ein gris på låven, og han snusa i uppi treskoni. Ja no kan du ta dei, no er det innje spelegt, sa Torstein. Men grisen for ut og austetter okstervegen(??) og moen upp Goli og til Kollhammaren. Kor det vart av han viste innje han.

Torstein var den siste mann på denne parten som livde i dei same husa, røykstove og eldhus. Ja, me lyt tru at dei same hus som var bygde av den fyrste mannen etter svartedauen år kr.1400 hadde stande og vorte nytta av dei seimare etter i desse 3-400 år. Dei hadde vel vorte fjelga og vølte litt framettert tida, men husi var dei same. Frå fyrst hadde det vore jodgulv og steinlagt allestad, det kan seinare vore innlagt tregolv. Fra fyrst tjore i taket med åre midt på golvet, seinare med peis eller steinkista, og allersist med store malmkistene md bibelske biletar på. Sjøgluggar i veggjen hadde det visst alltid vore. Det er underleg å tenkja på at det skal ha vore slik innje lenger enn 150 år tilbake i tid. Av borni deira døydde 4 i barndommen og ungdom. Det er Åsa og som neste Åsmunn. **Torgeir fekk gard** døyde i barndommen, men um det var fyrte eller den siste Margit som døydde barndommen veit me innje. Det er tre som liver og vart gifte.

Borni: Åsmunn Torsteinsom, fødd 1759. Gift med Ranghild Olavsdotter Frafjord 1785.

Deira Born: Torstein 1785, Guttorm, Åsmunn, Olav, Inga.

Åsmunn og Ranghild kjøpte seg eien gard i øvre Espedal. Det var ein temmelig stor gard. Han gav 400 dalar for den, og fødde 12-13 naut, men han fødde dei ringt sa dei. Etter at Åsmunn var avliden skifte dei to eldste sønnne garden i millom seg, og Ranghild sette seg i uppset. Torstein gav 200 dalar for ein part, det same gav Guttorm og. Korleis dei gjorde med husi **en**. Dernest kjem Margit og Åsmunn, tilslutt Torstein og Margit-tvillingar. Torstein veit med innje. I folga skulle Ranghild ha 1 ku, 3 sauer og ei geit av kvar. Dei fødde då på jammen 5 kyr, 20 sauer og noko geiter på kvar gard.

Barneborni (hans Torstein)

No 1. Torstein Åsmunndson, fødd 1785 gift kr.1821 med Inga Sveinsdotter, N. Espedal.

Saga um folket i Kommedal

Deira 6 born: Åsmunn, Inger, Ranghild, Inga, Svein og Torstein.

No 1 Åsmunn av dette systkinlag er fødd i desember 1822 gift i 1847 med Boletta Jodotter Fossmark. Dei bur i Ø. Espedal og han hev farsgården. Deira 7 born: Inger, Torstein, Jonas, Åsmunn, Bergitta og Gabriel.

No 2 Inger fødd 1824 og vart gift kr. 1850 med Guttorm Mauritsson Eikeskog, fødd kr. 1816. Dei busette seg i Nedre Espedal på ein gard som bror av Guttorm hadde ått. Han var døen, og borni hans var småe, og både far og morlause. So stelte dei garden og borni hans til dei vart vakse og kunne ta til garden sjølv. Til takk for dette fekk Guttorm og Inga ein plass av garden til odel og eie, som heitte Kjerrholen.

Deira7 born: Maurits, Torstein, Seriene, Inger Tobia, Inger, Gurina, Per, Taletta.

No 3 Ranghild fødd kr. 1827 og gift kr. 1850 med Olav Reidarsen Maudal. Dei fekk bygsla eit lite stykje under Eikeland i Espedalen som vart kall Hagen. Dei budde i små kår som ventande er på so liten jordlapp. Fortenest utanum var lite av på den tid. Olav var ellers ein forstandig mann, og mykje religiøs lærd. Han hadde eit uvanlig godt minne, men i økonomi og livsnæring dugde han innje. Ranghild var også uvanlig flink og gild, vennesæl og pratsam. Ho var mykje brukt som kokka i alle brudlaup dalane, det hanne ho også litt inntekt av. Deira 5 born: Rakkell, Maria, Inger Tobia, Torstein, Rannel, Olava, Olava. Borna tok ut tilkvart dei vart vaksne. Ranghild døydde kr. 1900. Plassen vart då nedlagt, og Olav som vart svært gamal måtte så hjelpas av fattigkassen. Han døydde trulig kr. 1918.

No 4 Inga vart innje gift, var i teneste hjå folk til ho vart gamal. Sidan livde ho hjå sine næraste slektningar på garden.

No 5 Svein er fødd kr.1882, gift med Gurina...dotter Eikeland. Han kjøpte seg gard i Nedre Espedal og budde der til borna vart vaksne. So yverlet han garden til den neste sonen. Men han kunne innje forlikas med sonen um folgevilkåri. So reiste Svein til Stavanger og bygde seg hus i Hetlandsmarki. Dei andre borni hans reiste til Amerika, og derifrå fekk han no det han trong til liva av. Deira 7 born; Totstein, Jonas, Inga, Tobias, Martin, Svein og Magnus.

No 6 Torstein døydde berre 5 år gamal.

Barneborni no. 2: Guttorm Åsmunnsom fødd kr. 1790 gift kr. 1820 med Kari Trondsdotter, Ø. Espedal. Desse hadde som før nevnt den andre halvpart av farsgården. Guttorm eide berre eit års tid etter dei vart gifte, og fekk eit born Thore, men ogso barnet døydde. Sidan gifta Kari seg med Per Åsmunnson, Ø. Espedal. Per er sonason åt Per Eikeskog og Margit Kommedal. Han var eldste son, og skulle så ha garden. Kari gjekk då frå sin part, og gjekk yver til Pers gard. Kva det vart gjort med hennar gard kjenner eg innje til. Per og Kari fekk eit barn; Åsmunn. For etter eit års tid døydde ogso Per. Kari gifte seg tridje gong med Totstein

Saga um folket i Kommedal

Torsteinson Eidane. Dei kom soleids no til å bu på denne garden til Per. Kari og Torstein fekk også eit born; Marta.

Åsmunn Guttormson tok til med farsgarden då han vart vaksen, fyrst som unkar. So vart han gift med Karen Jakkobsdotter Sjøtun, Fossand, og ho var nok for stor på sit å bu på ein slik avsøle og einbølt gard som Ø. Espedal. So selde han den og kjøpte ein part i Rossavik. Deira 8 born: Guttorm, Jakkob, Karina, Inger, Torvald, Torgeir, Oskar, Karen, Johanna. Siste døydde som barn.

Barneborni no 3.

Åsmunn Åsmunnson er fødd kr. 1800, gifte seg kr.1830 med Inger Thorsdotter Ø. Espedal. Dei fekk bygsla ein plass under garden Kleppa i Espedalen som heite Triflåtine. Denne plassen kjøpte dei seinare til odel og eiga. Deira 4 born: Karen, Ranfhild, Åsmunn og Tore.

Barneborni no 5.

Olav Åsmunnson er fødd kr. 1800 gift kr. 1830 med Sissel Torsteinsdotter, Ø. Espedal. Dei bygsla eit plass i Ø. Eidane og livde der. Dei fekk sovidt me veit 3 born: Ranghild, Tolleiv og Torstein (vidae opplys. vantar)

Barneborni no 6.

Inga Åsmunnndotter (upplysning vantar)
Slutt på Åsmunn Torsteinson etter lina.

Borni no 3.

MargitTorstinsdotter fødd 1764, gift 1787 med Åsmunn Mikkelson, Ø. Espedal.

Åsmunn hade fenge farsgarden, men han døyde ganske snart etter dei vart gifte. Dei fekk ingen barn. Margit styrde så med garden, og ho greidde mykje. Ho var god som ein kar, ho, er det vorte sagt. No kom Per Torbjørnson Eikeskog på, at her moglig kunde vere eit høve for han å få seg både kona og gard. So tok Per yver fjellet ein vårdag, tidlig um morgonen og vilde prøva si lukka. Då han kom ned til Espedalsbøen såg han ein kar som gjekk og skvetta land utover med ei gamal gryta. Per jekk nerarenfor å snakka til han, men kven anna enn ho Margit som hadde finge på seg noko gamle mannfolkklede. Ho var just innje i fina pussen, og aller minst til å møta en friar, men han let seg innje skrema av slike naturlig småting.

Han kjende henne og viste kvar ho var. Han bar fram erende sitt med det dama, og Margit tok vel imot honom. Då det var sagt og avgjort, som segjas skulle reiste Per heim att, og kom straks tilbake og er med i arbeidet på garden, og siden gifta dei seg 1788

Eg gjeng ut frå at denne Margit var denne av tvillingane. Ho er då fødd 1764. De kan vera vitnelig å vita hva kva faddarene til desse tvillingane heitte. Det var : Trond Håland, Aslak Brotland, Tolleiv, Kari, Berit Kommedal, Knut Molaug, Milrid, Siri, Kristi Espedal. Når dei døydde hev med enno innje greida på. Dei fekk to born: Åsmund og Marta.

Barneborn 1.

Åsmund Person fødd 1790, gift kr.1820 med Serina Aslagsdotter Rossavik. Dei budde på farsgarden, og vart verande der all din dag. Dei fekk fire born: Per,Aksel, Marta-Kristine, Berte.

No 1 Per

_Sysninlag er fødd kr.1825. Han fekk garden etter far sin, gifta seg med Kari Guttormsdotter Ø. Espedal. (Han er litt ugeia i opplysningane og skort attpå.)

No 2 Aksel.

ER fødd 1844, og vart gift med Martha Danielsdotter Frafjord. Dei fekk seg til skifta ein tridjepart av farsgarden hans,med den eldste broren Per. Dei fekk 10 born. Dei 5 døydde småe og fram livde og kom ut i veri (upplyningar vantar).

NO3 Marta Kristina

Martha Kristina vart gift til Rossavik med Martin Ivarson. Han hadde stor gard der, og var ein mykje velstands mann. Dei hadde fire born.

No 4 Berta.

Ho vart gift til Fjorsann med Reinert Kristofferson. Han hadde fin gard der og var ein mykje velstandsmann (upplyningar vantar)

Borneborni 2

Marta Persdotter er fødd kr. 1795 og gift med Torstein Olavson Eidane. Han hadde farsgarden Ø. Eidane, i ein fin og god gard. Fødde 6-7 naut og andre krøtur. Deira 4 born: Karen, Olav, Marta og Per.

No 1 Karen

Ho Vart gift til Mæle med Lars Person Mæle. Han hadde fin gard der.Dei fekk tri born: Sinne, Taletta, Laurensa. Lars døydde nokso snart, og ho gifta seg att med Rasmus Kristofferson Digrdal. Dei fekk ingen born.

No 2 Olav

Han fekk farsgarden. Han gifta seg med Johanna Jonnsdotter Tjorsann. Dei fekk eit barn. Johanna døydde nokso snart og Olav gifta seg med ei som heitte Lisbet Gunnarsdotter. Ho var fra Kvinnherad. Dei fekk 10-11 born. Olav totte det no vart trongt for seg. Det vart vondt å klare alt. Soi reiste han til Amerika for å tene seg noke pengar. Let kona og borna stella heima. Men i Amerika fekk han slag og døydde.

No 3 Marta

Saga um folket i Kommedal

Ho vart gift med Erik Åsminnson Berge, Han hadde en fin gard på Berge, men sat innje godt i det likevel. Dei hadde trulig 4 born.

No 4 Per

Fekk ingen gard. Han gifta seg med Inger Elandsdotter Tjosannryggjen. Ho gjekk heim i arbeid som myllarbeider på Oltesvik mylla, og der attmed budde han og til dess han døydde.

Torgeir Torsteinsons ett, hadde gard i Kommedal)

Born, barneborn og barnenborns born.

Dei folk og dei etter som livde og var fødde før 1750 høyrer i mange måter til den eldre i nyere tid. Folket livda på ein måte eit naurliv. Dei hadde innje bøker , og innje skule. Landet, uden rettar som danske kongen, gjorde innje stort for folkeupplysning. Presten og gudstjenete hadde det rettnok vore lenge, men det var langt til kyrkjene for folk her i dalen. Dei sokna til Høle. Presten hadde både Strand og Høle og budde på Strand. Prestane var som regel elder innje so mate. Fåe var dei som kunde lesa noko, og enndå ferre kunde skriva. Folket livde i tronge fatige kår, dei hadde innje stort penger millom hendene, og laut hjelpa seg sjølv med de dei kunde ala og tilvirka av krøturi og jord. Soleis var det både med mat, klede og sko, og alt anna husbunad. Kvar mann jaut då vera sin eigen smed, snikkar, timbermann, bøkker og skomaker. Og kona måtte spinna, veva og sauma kledi til alle i huset. Når ein tenkjer på at husi dei budde i var røykstova og eldhus, so kan me knapt tenkja oss no, korleis dei laut berga seg innadørs med alt dette arbeid. Det ser ut som røykstostovene hev halde seg til siste helvt av 1700 talet.

Torgeir Torsteinson, fødd 1751 dødde 1812. Gift 1779 med Guråd Bjørnsdotter Frafjord, fødd 1758, dødde 1784.

Deira born: Torstein, fødd 1779. Bergit fødd 1781. Bjørn fødd 1783.

Torgeir gift andre gongen 1785 med Sigrid Mikkelsdatter, fødd 1757, døydde kr. 1836.

Deira born: Gudråd fødd 1786. Margit fødd 1789. Sigrid fødd 1796.

Torgeir var ein rask, sterk mann, segjer Tolleiv Olavson(fødd 1829) Det var fart og friskleik i alt han gjorde. Det han ville ha gjet fekk han til. Torgeir var den tid uttala Torgji. 28 år gamal gifte han seg med Gurå Bjørnsdotter Frafjord, og eige huslyd fekk han rimeligvis innje enndå, for faren var berre 57 år gammal, og hadde to born att heima. Men lenge varer det innje før desse to vert gifte og for seg heimen i Ø. Espedal (som før er fortalt om). Torgeir fekk 3 born, men so døydde kona hans 1784. Det kom ei svær nervefebersott til dalen, og mange døydde det året. Både Torgeir og Gudråd vart svært kleine, og vart liggjane på ein gong. Torgeir sjølv var ganske burte frå sans og samling. Han viste ingenting før dei la Gudråd i kista. Då vakna han og rådde or. Sjukdomen venda og han kom seg etter kvart. To år etter 1785, gifta han seg att med Sigrid Mikkelsdatter, Ø. Espedal. Med henne fekk han også tri born. Medan dette ekteskap ser det ut som Torgeir hev teke i mot garden. No gjeng han straks i gang md å riva dei gamle husi , røykstova og eldhuset, og han sette nye på de gamle tuftene. Det vart ei stor dagligstova med golv og loft. To dubbelfaks vindauga på framsida.

Låg er ho merkelig nok, ja, så låg at ein høgvaksen kar kunde støyta hovudet sitt i bjelkane. Ei einaste dør var der i stova, og ho gjekk ut til gangen, ei tunn spegla dør på ein tume(??) Kjøkenet var stort men fælt simpelt. To store gråsteingruvor med skorsteinar, og berre steingolv. Det var synd å segja at stienen læg slett, dei halla kvar sin veg, soleiss som dei eigong var lagde so låg dei inntil ogso desse hus vart for gamle, og måtte rivas, hundre år etter dei var bygde. Me må segja at dette byggjenne var helden simpelt, men tidi var so, smaken var innje betre då. Dei såg med sine audo som me med våre og våre etterkomere vil sinnet(?) vannvyrda. Dei hus som me let byggja etter beste evne, Gudråd dotter hans fortalde då ho var gamal, at stova var ferdig då ho 1 år gamal, altså våen 1787. Kor dei i den tid fekk trevyrkje ifrå har ingen snakka um, og til taktekinga laut dei enno bruka never og torv. Den stova som Torgeir bygde var av nytt timber i sjølvje kista under bjelkarne, men det synte seg at han hadde nytta noko av det gamle i gavlane.

Der synte seg timberstokkane av reinhogd klinkande adl, soleids vilde dei gamle ha det, og sume av dei var so svarte som ibenholt, det skjein å segja, av dei, men inni var dei raudgule som mysost.

Når med kjem ned til 1801, er det folketelling i landet. I folketellinga stend at Torgeir Torsteinsoner 49 år og Sigrid Mikkelsdotter 44, Gudråd 15, Margit 12, Sigrid 5 år, Torstein 22, Bergit 20, og Bjørn 18 år. Me ser soleis at alle 6 borna er heime i 1801. Far hans døydde 3 år tidligare medan Margit, mor hans, livde i følge og er 80 år. Men tidene skifte fort. Dei tri eldste borna vart gifte frå 1800 til 1815, og kom på kvar sin stad. Game Margit døydde nokre få år etter folketellinga, og Gudråd vart trulova med **Bjørn Torbjørnson Eikeskog**.

Torgeir vilde at dei skulle få garden endå han hadde eldre sønner som hadde retten. Men Gudråd var no "Gudlabadne" hans far, ho, og Bjørn var og ein velkommen mann til garden for Torger. So vart dei då gifte i 1811. Lenge etter livde innje Torger, han døydde longo i 1812 berre 61 år gamal. So fekk dei unge garden, og Sigrid sette seg i uppset. Ho livde i mange år etter og døydde kring 1836.

Torgeir var so uheppen eingong uppå Stølsfjellet. Han kom til å setja ei svia, lyngsvia. Det hev so mange gjort både fyrr og sidan, men denne gongen munde det vore so ruskande turt. Svია brann i mange dagar, og det var ingen som tenkte på å sløkja. Han for yver heile heimafjellet(Molaugfjellet),eit heil stykje ned i Nordalen på Molaugsida.Veststetter åt varmen seg fram til fjellbrynene mot Frafjord, kom ned i kollerne ovanum Nesuri. På heile denne viddi brende rubb og stupp, og det gjekk mykje skog til. Det vart tale millo folk um han innje burde søkja rettsleg, og standa til rette for denne skade, men viselig folk la seg i mellom og bad for han, so det vart innje meir av.

Det var i Torgeir si tid at jordepli kom og vart kjende. Fyrst dyra dei desse i ganske små sengjer som dei var vane med maineper og gulerøter. Blånepa var vist dei hadde då. Sida vilde dei då auka på med dyrkinga, men dei fann at heimejordi var for god til det. So tok Torgeir uppein åker på Gullhaug,segjes det, til det bruk, og sameleis gjorde Asbjørn på den andre parten. Han tok upp eit grav Stutasletti rett nedanfor, tett med elvi. Der det til det siste hev synt ein gamal gard. Somalle dei gamle hadde Torgeir ei smia. Ho stod eit stykkje

uppi bakken ein stad som seinara vart kalla Gjeidasteinane, fordi geitene alltid la seg til kvila der når dei kom heim um kveldarne.

Forfederne hadde nok hatt ei onnor smia og, ho tod rett framfor husi, berre vegen gjekk i millom, men denne smia brann nok upp, og sidan torde dei innje ha slikt so nære heimehusi. Kva Torgeir fødde på garden, og mykje anna av økonomiske opplysningar, det veit me innje enno.

Torgeir Togeirson, fødd 1779, dødde 1858, gift 1815 med Bergit Torbjørnsdotter Sletto , (el.Selvikvåg) døydde 1874. Deira 5 born: Guråd, Tora, Bjørn, Torgreir og Ane.

Torstein, eldste sonen fekk innje garden. **Derimot fekk svigersonen Bjørn Eikeskog, som gifte seg med Gudråd, eldste dotteri av ande ekteskap, dei to fekk garden.**

Kva grunnen var?

Ja, Kommedal segjer dei no der Torstein var kleinvaksen, smal og sped, lite fyr seg og lite framtak i han, at Torgeir meinte han kunne innje lita han til so stor gard. Det kunne innje gå godt. Men det var inkje berre det. Adle er samde um at Torgeir lika best Gudråd av alle sine barn, og då ho vart trulova med Bjørn Eikeskog so mykje betre. Bjørn var godt likt, ein klok og forstandig gut, men so var han og sli etter å få fatt i garden, legg dei til, både på Sletto og Byrkjeland. Det kan vera noko i det og.

Då faren døydde fann Torstein si gjenta på Sletto. Sletto var husmannsplass under Håland, og han hadde spurt om å få bygsla denne plassen. Foreldra til Berit var gamle, og det er likt til dei hadde innje fleire born. No skal me sjå korleis Slettaplassen vart til: Då Åsmunn Bjørnsen Håland gifte seg fekk han lov å rydja seg ein plass i utmarki (Gunnar si). Plassen skulda vera bygsl under Håland. Det heite Sletto.

No var kona hans Åsmunn frå Selvik, og her inne kunde ho innje trivast, ho lengta so. So kom Åsmunn tillap med ein plassmann i Selvikvåg, på søre sida av vågen, um å byte plasser med innannan,og so gjorde dei. No vart det Torbjørn og Anna på Sletto, og so dotteri Berit.

Det var lite og skral jord på Sletto, og med må rettelig undra korleis dei gamle kunde klara seg fram, føda upp mange born, og endå liva lenge. Men det var tungt for deim. Husi var små og tronge, og livmåten deretter. Når borni vart så store dei kunde gjera litevetta gagn, så måtte dei ut i tjenete, so fekk dei då maten, og kanskje litt til.Noko rettelig skulegang var innje kome i gang endå. På den måte kom dei yver dei verste åri. Då borni av og til var heime var dei gjilde og hjelpte foreldri. Torger var sers god i seg. Han hjelpte både med pengar, arbeid, og anna kostnad. Då det leid til 1850 var Torstein gamal vorten, og klein helsa. Lite såg han, og lite hørde han.Ja, dei siste åri han livde var han ganske blind. Han døydde 1858, 82 år gamal. Berit hadde lov å ha plassen so lenge ho livde, men sønene som no var sjølvstendige menn, vilde innje vasa tidi burt på plassen. Torgeir sonen, leigde ein dreng åt mor si og systeri, og som og var heima, so vart dei verande på Sletto enno nokre år. Seiare tok, drengen Knut Sinnes, ho Gudråd til kona. Då flydde Bergit fra Sletto og ned til Frafjord til sonen Torgeir, som der hadde kjøpt gard. Ei liti folge skulde ho ha av Sletto, dei var 3 tunn. jordeple, 2 tunn. korn 1 pund smør. Men kven som ytte dette veit me innje.Bergit livde i

Frafjord i 4 år og døde der 1874. Slettoplassen vart nedlagt, husi rivne og flutte til Forsandhagen. Der stend dei den dag i dag.

Borneborni: Gudråd Torsgeinsdotter, fødd 1816, gift 1870 med Knut Torkelson, Sinnes, Sirdal. Døde 1886.

Gudråd var den eldste av borni til Torstein, men ho vart den siste gift. Det var vel helder innje nokon som trudde ho kunde verta gift, men soleis kan det også gå. Gudrås hadde god helse og vart svert gamal, men ho hørde til dei som åtte lite naturgåvor.

Det var mange ting ho vistnok ingen forstand hadde på. Men tunga kunde ho nok bruke for det, og den var ho nok leid med meir ein gong. Det var ho som gjorde det fyrste til at det vart so gale millom Torgjørn og Kristina, ho skulde vera liksom å tena hjå dei det fyrste dei var gifta. Medan ho var heima på Sletto vart ho med barn med ein tenesdreng heitte Gunnar, og var frå Sirdal. Ho fødte ein son 1 jan 1854 som fekk namnet Gabriel. Som døme på kva slag styresløysa ho var, kan forteljast som følgje, at ho vende ikkje guten av med bjøstet før han var 6 år gammal, men å vart han so stor og sterk at han reit vilde rå yver henne.

Når dei var ute på marka og arbeidde og han kom på at han vilde "ha patten" som dei alltid sa, so ropa han berre til mor si "Hiv opp Gudråd" og so vart det innje anno råd. Bergit mori og Gudråd vart til slutt åleine på plassen. Torstein faen, døde og sønnene var uutkomne og gifte. Då Torgeir gifte seg leigde han en dreng åt dei, so dei kunde vera på plassen inntil vidare. Denne drengen heitte Knut Torkelson Sinnes, frå Sirdal. Det var ein trugen, bra og gild kar som fata godheit fo Gudråd, og gifte seg med hennar 1870. Dei reiste til bylandet, og Knut fekk plass på vedstykkja?? hjå Figved på Kampen som gardsstyrer og var der kr. 10 år. Då kjøpte dei eit stykkje på Stokka. Knut vart svert godt likt alle stad. Hugleg og umgjengelig på kvart si vi, men Gudråd akta ingen på. Ho var smeiski og gild te be folk til seg, men um dei var so uheppn at dei kom, stakk ho seg gjerne vekk, eller ho hadde slett ingenting å bjo dei. Knut døde av blodforgiftning. Det gjekk sløse til: Han skar seg i ein fing ein dag, det var slett inga noko aktande. Han spøkte til ein som spurde kva han hadde gjort seg " å, det var berre ein fing som var for lang". Ein dag han skulde køyre til jordeferd rorde han klirøra åt hesten, med den handi han hadde skåret seg på. Då han kom att trutna fingen svært fort og vart vond. Dei for avstad etter doktor tilslutt, men då var det for seint. Det vart fort verre og verre, han fekk store smerter.

Det er meir men me har de ikkje.